

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Naustdal kommune

Utval: Kontrollutval - Naustdal kommune
Møtedato: 03.12.2012
Møtetid: 08.30
Stad: Kommunestyresalen
Møtenr.: 5/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, , Revisor i sak (39 - 40/12) Rådmann i sak (39 - 42/12)
Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (varamedlemer møter berre etter særskild innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762 eller eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 037/12 Godkjenning innkalling og sakliste.
- 038/12 Skriv og meldingar.
- 039/12 Revisjonsrapport – «Vurdering av vassverkavtalar» (**Unnateke offentlegheit**)
- 040/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR sektoren.
- 041/12 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar frå publikum.
- 042/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap.
- 043/12 Plan for selskapskontroll – Naustdal kommune
- 044/12 Oppfølgingsliste 5-2012 – Naustdal.
- 045/12 Eventuelt.

Naustdal, 26.11.2012

Randi Elvebakk Reiakvam (sign)
- kontrollutvalsleiar -



Vidar Øvrebo
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

037/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.12.2012	037/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

038/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.12.2012	038/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 15/12: Brev frå Kontrollutvalet til KRYSS-revisjon – «Undersøking investeringsprosjekt under arbeid», datert 20.11.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

Førde, 20.11.2012.

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.:489/12

Arkiv: Naustdal

UNDERSØKING INVISTERINGSPROSJEKT UNDER ARBEID

Kontrollutvalet i Naustdal heldt møte 20.11.2012. I møtet vart det vedteke av kontrollutvalet å tinge følgjande undersøking av KRYSS-revisjon:

Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon undersøkje følgjande:

- Utarbeide eit oversyn over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune.

Vi viser til møtebok og kontrollutvalssak 036/12 av 20.11.2012 for evt. nærare detaljar.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse
Postboks 338
6802 FØRDE

Kontoradresse
Hafstadvegen 21

E-post
post@sekom.no

Telefon
57 82 22 90 At
976 15 363 At
57 82 02 00 VØ
951 39 762 VØ

Telefaks
57 72 20 10

Org nr.
987 631 554

Bankgiro
3705.08.32571

Unnateke offentlegheit § 15 og Kommuneleva §78 nr 7

039/12 REVISJONSRAPPORT –VURDERING AV VASSVERKAVTALAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 26.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.11.2012	039/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Oversendingsbrev frå KRYSS-revisjon til SEKOM-sekretariat, datert 21.11.2012.
- Revisjonsrapport «Vurdering av vassverkavtalar» frå KRYSS-revisjon datert 19.11.2012. februar. 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunesyret viser til rapporten "Vurdering vassverkavtalar" utarbeidd av KRYSS-revisjon og datert 19.november. 2012.
- Kommunestyret ber administrasjonen følgje tilrådinga i rapporten.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

REVISJONSRAPPORT – VURDERING AV VASSVERKAVTALAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saka gjeld rapport frå KRYSS-revisjon vedrørande vurdering av om avtalane om reduserte prisar for abonnentgruppe Horstad og Naustdal Vest er gjeldande for dagens abonnentar.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet tinga forvaltningsrevisjonsprosjekt «Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren og vurdering avtale vassverk», den 01.06.2012.

Problemstillinga for rapporten er ei vurdering av avtalar som i si tid vart inngått mellom Naustdal kommune og abonnentgruppene med sær avtale om nedsett vassavgift.

Undervegs i arbeidet fann KRYSS-revisjon at eit sentralt dokument frå advokatfirma Håvind Vislie, datert 16. januar 2004 poststempla av Naustdal kommune den 26. januar er unnateke offentleg innsyn etter offentleglova §5, 2. ledd bokstav b. KRYSS-revisjon i samråd med SEKOM-sekretariat og kontrollutvalsleiaren bestemte KRYSS-revisjon at tinginga reint faktisk vert delt i to rapportar. På grunn av dette dokumentet er denne rapporten unnateke offentlegheit.

Det går fram av rapporten at KRYSS-revisjon ikkje har lagt standarden for forvaltningsrevisjon (RSK 001) til grunn for denne rapporten då denne standarden ikkje var eigna.

I konklusjonen i rapporten står følgjande:

- Vi fastslår at avtalane som vart inngått mellom abonnentgruppene Horstad og Naustdal Vest og Naustdal kommune er gjeldande og gyldige.

Det vert elles vist til rapporten for nærare informasjon.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekom sekretariat
Ved Vidar Øvrebø
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
L

Arkivkode:
216

Journalnr.:
037/2012

Dokumentdato:
21.11.2012

Oversendingsbrev forvaltningsrevisjon

KRYSS- revisjon oversender med denne ekspedisjonen endeleg forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar på VAR – sektoren og revisjonsrapport Vurdering av vassverksavtalar for vidare handsaming i kontrollutvalet.

Elektronisk kopi av rapporten i form av e-post vert samstundes oversendt SEKOM sekretariat

Med helsing



Charles Litsheim

Rev.sjef forvaltning
Tlf: 91 33 30 46



KRYSS REVISJON

**KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD**

REVISJONSRAPPORT

Naustdal Kommune

”Vurdering av vassverksavtalar”

Unnateke offentlegheit jf Offentleglova § 15 og Kommuneleva § 78 nr 7

Endeleg rapport :19.11.2012

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	KRYSS-Revisjon	3
1.2	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne revisjonen	3
1.3	Formelt om tinginga av revisjonsrapporten	3
2	Føresetnad og metodisk tilnærming	3
3	Fakta	4
4	Drøfting/ vurdering.	5
4.1	Konklusjon	5
5	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA	7
6	REFERANSAR	8

1 INNLEIING

Temaet for denne revisjonsrapporten er å finne i tingingsdokumentet frå kontrollutvalet i kulepunkt 2. Det vert der tinga ein vurdering av om avtalane om reduserte prisar for abonnentgruppene Horstad og Naustdal Vest er gjeldande for dagens abonnentar.

Undervegs i arbeidet fann vi at eit sentralt dokument frå advokatfirma Haavind Vislie datert 16. januar 2004, poststempla av Naustdal kommune den 26. januar 2004 er unnateke offentleg innsyn etter offentlighetslova¹ § 5, 2. ledd bokstav b. Vi tok dette tilhøvet opp med administrasjonen i samband med at vi sendte rapportutkastet på høyring. Tilbakemeldinga frå administrasjonen er at dokumentet framleis skal ha status som ikkje offentleg. Vi har difor i samråd med SEKOM – sekretariat og kontrollutvalsleiaren bestemt at tinginga reint faktisk vert delt i to rapportar. Ein rapport² er offentleg. Denne rapporten vert unntatt offentleg innsyn etter Offentleglova § 15 og kommunelova § 78 nr. 7

1.1 KRYSS-Revisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommunalova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

1.2 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne revisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig.

Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Det er etter kriteria i ovannemnde rettskilder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit, slik vi vurderer det, korkje ved oppstart av eller langs med i utføringa av denne konkrete forvaltningsrevisjonen: Vi har ingen nærtståande jf kl § 79, 2.ledd som innehar stilling eller interesser i reviderte kommune; det er ingen tilsette som har stilling utanom KRYSS – revisjon, ingen av oss har styreverv i kommunale verksemdar eller eigeninteresser i anna verksemd som kan påverke oss i utføringa av revisjonen.

1.3 Formelt om tinginga av revisjonsrapporten

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, datert 01.06.2011 Det vert der synt til at dei styrande organa i Naustdal kommune ynskjer å få vurdert: ”om avtalane for gamle abonnentar som ligg føre vedrørande Horstad Vassverk og Naustdal Vassverk framleis er i samsvar med noverande tilhøve»

2 FØRESETNAD OG METODISK TILNÆRMING

Vi føreset i vårt arbeid at vi har fått tilgang til og er oss førelagt all etterspurd eller relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde frå desse er komplett og dekkjande.

¹Lov om offentlighet i forvaltningen (oppheva)

² Forvaltningsrevisjonsrapport: Sjølvkostberekningar på VAR - sektoren

Slik vi forstår problemstillinga, ber kontrollutvalet her om ei vurdering av avtalar som i si tid vart inngått mellom Naustdal kommune og abonnentgruppene med særavtale om nedsett vassavgift³. Vi meiner difor at RSK 001 som er eit revisjonsfagleg verkty ikkje er eit eigna til å svare godt på problemstillinga. Spørsmålet kan slik vi ser det, best opplysast med å nytte juridisk metode som fagleg standard og grunnlag for analyse. I og med at vi ikkje har tilsette med juridisk embetseksamen i KRYSS – Revisjon, må vi ta atterhald med omsyn til kor høg fagleg kvalitet vår analyse kan ha. Vi tek difor ein gjennomgang av dei sentrale dokumenta i saka, og vi vil seie noko om moment vi meiner kan vere av interesse.

Problemstillinga:

”Er føreliggjande avtale om reduserte prisar for «gamle» abonnentar ved Naustdal gjeldande for dagens abonnentar ?»

3 FAKTA

Naustdal Vassverk som er kommunalt, vart sett i drift i 1979. I samband med oppstarten hadde kommunen overteke det privat eigde Horstad vassverk. I avtalen som vart signert i desember 1977 mellom kommunen og styret i Horstad vassverk er dei private abonnentane friteke frå tilknytingsavgift. I tillegg avtalte partane at dei private abonnentane for framtida skulle betale 50 % av ordinær vassavgift.

I 1982 overtok Naustdal kommune så Naustdal private vassverk. Eigarane i dette vassverket er seinare omtala som Naustdal Vest. Denne abonnementsgruppa fekk i samband med avtalen med Naustdal kommune også ei særavtale mht vassavgift. Bakgrunnen for denne gruppa si særavtale er denne:

Ein gong tidleg på 60 – talet vart Naustdal private vassverk starta. I samband med inntaksbygginga for vassverket fekk 3 av dei berørte grunneigarane avtale om gratis vatn. Denne retten vart tinglyst i oktober 1961. Dei andre eigarane av Naustdal (private) vassverk fekk så ei avtale med kommunen ved overtakinga i 1982 som i korte trekk gjekk ut på ein fast sum pr år pr husstand uansett storleik på huset. Næringsseigedommar fekk eit 40 % påslag på summen dei private husstandane fekk i avtala. Summane skulle jf avtala regulerast med same prosentvise endring som dei andre kommunale vassavgiftene.

Avtalane med abonnentgruppe Horstad og abonnentgruppe Naustdal Vest vart og er ikkje tidsavgrensa.

I dokumenta vi har fått tilsendt i samband med denne problemstillinga går det fram at Naustdal kommune ved ulike høve har vurdert og delvis problematisert avtalene som vart inngått i 1977 og 1982.

I eit orienteringsbrev datert 22.12.2003 frå rådmannen til vassabonntane med særavtaler om vassavgift, vert det innleiingsvis synt til komite for landbruk, teknikk og miljø si sak 11/2003 og formannskapssak 71/2003 «Forskrift om vass- og avløpsgebyr». I eit notat⁴ til desse sakene orienterte rådmannen om problematikken kring abonnentane med særavtale om vassavgift.

Det vart eit visst medietrykk kring dette notatet og påstandar om at Naustdal kommune no ville bryte inngåtte avtalar.

I orienteringsskrivet frå rådmannen av 22.12.2003 vart det difor påpeika at formannskapet i sitt vedtak i f.sak 71/2003 uttrykkeleg beordra rådmannen til å skille sakene om nytt VA gebyrregulativ og avtalane mellom kommunen og abonnentane med avtale om reduserte satsar på vassavgifta.

³ Desse abonnentgruppene har i dokumenta frå kommunen fått nevningane Horstad og Naustdal Vest.

⁴ Notat : «Om reduserte vassavgifter i Horstad og Naustdal Vest datert 17.11.2003

Mellom anna stod det i formannskapsvedtaket i sak 71/2003 at «*formannskapet ber administrasjonen om å førebu Horstad og Naustdal Vest som eiga sak*».

I orienteringsskrivet til abonnentane vart det også tidleg signalisert at kommuneadministrasjonen ser det som sitat » *juridisk umogleg å halde fram som no* » sitat slutt.

Rådmannen argumenterar I orienteringsskrivet for at løysinga på ei framtidig reforhandla avtale må gå i retning av eit endeleg sluttoppgjer mellom avtalepartane. Det går fram av brevet at rettspraksis i tilsvarande/liknande fall har fått forskjellig utfall.

I brev av 16.01.2004 frå rådmannen i Naustdal kommune til advokatfirmaet Haavind Vislie ber rådmannen om juridisk vurdering av avtalane, og korleis kommunen formelt bør starte sak om avvikling av dei, med dei to abonnentgruppene nemna Horstad og Naustdal Vest.

I svaret⁵ frå advokatfirmaet vert faktisk bakgrunn for inngåinga av avtalane gjennomgått og det vert gjeve ei førebels vurdering av kvar kommunen står juridisk. Det blir mellom anna synt til rettsavgjerder i likelydande saker, der grunngjevinga for dommane vert opplyst.

Det går fram av punkt 3.2 Foreløpig vurdering, side 4 og 5 at advokatfirmaet meiner det er eit grunnlag jf rettspraksis for å revidere avtalane frå 1977 og 1982. Samstundes er advokaten forsiktig med å spå om utfallet av ei eventuell rettsleg prøving av avtalane. Han skriv på side 5 mellom anna dette «det synes også som om misforholdet i disse avtalene er mindre enn i de avtaler som er omtalt i ovennevnte rettspraksis. Dette utgjør usikkerhetsmomenter ved en rettslig prøving av spørsmålet i dag «

Vi har også mottatt eit møtereferat mellom abonnentgruppene med særavtale og rådmannen frå eit møte datert 20.januar 2004.

Referatet etter dette møtet omhandlar dei synspunkt og meiningar som møtelyden handsama.

4 DRØFTING/ VURDERING.

I denne problemstillinga vil vi som eit unnatak komme med konklusjonen først:

4.1 Konklusjon

Vi fastslår at avtalane som vart inngått mellom abonnentgruppene Horstad og Naustdal Vest og Naustdal kommune er gjeldande og gyldige.

Regelverket som regulerer avtaleretten⁶ og avtalar er å finne i fleire rettskilder. Vi vil her kort drøfte dei juridiske tilhøva i avtaledokumenta som underbyggjer vårt syn.

Avtalelova av 31. mai 1918 er lova som seier kva som skal til for å inngå avtalar. Lova seier også kva som skal til for at ei avtale skal sjåast på som ugyldig.

Norsk avtalerett er bygd på nokre grunnleggande prinsipp som vi mellom anna finn i Kong Christian Den Femtis Norske Lov av 15.04. 1687

Første prinsipp: Avtaler skal holdast.

I dette ligg det at ein avtalepart ikkje berre utan vidare kan trekke seg frå ein inngått avtale. Ei avtale skal gjennomførast etter kva partane har avtalt. Dette prinsippet vert omtala som *pacta sunt servanda*⁷

⁵ Svarbev frå advokatfirmaet er unntatt offentlegheit etter off.l. § 5, 2. ledd bokstav b

⁶ Avtalerett eller kontraktsrett omhandlar dei fellesreglar som gjeld i alle rettsforhold som vert stifta ved ein avtale.

Andre prinsipp: Formfridom

Ei avtale kan verte inngått i kva form partane finn teneleg. Det vil seie: Skriftleg, munnleg, eller kva avtalepartane måtte ønske.

Tredje prinsipp: Avtalefridom

Det står ein fritt i å inngå avtalar om kva du vil med kven du vil, så lenge det ikkje kjem i strid med andre viktige omsyn i samfunnet. Eksempelvis vert ingen bunden av ei avtale om kriminelle handlingar.

Slik vi ser det er det ingenting i sjølve avtaleteksten, eller premissane for avtaleinngåinga som strider mot prinsippa ovanfor, eller lovverket elles.

Det som eventuelt kan vurderast, og som kommunen delvis har vurdert, er om avtalen med abonnentgruppene kan verte råka av avtalelova § 36. I avtalelova § 36 står det at: *En avtale kan helt eller delvis settes til side eller endres for så vidt det ville virke urimelig eller være i strid med god forretningskikk å gjøre den gjeldende. Det samme gjelder ensidig bindende disposisjoner.*

Ved avgjørelsen tas hensyn ikke bare til avtalens innhold, partenes stilling og forholdene ved avtalens inngåelse, men også til senere inntrådte forhold og omstendighetene for øvrig.

I den samanheng kan desse momenta bli gjort gjenstand for vurdering:

Krava til vasskvalitet i dag contra gårdagens vasskvalitetskrav. Nærare her er kva investeringar ville ha vore naudsynt for dei to abonnentgruppene å gjennomføre for å få godkjent vassverka av Mattilsynet etter dagens drikkevassforskrifter ?

Verdien av anlegga.

Kan det hevdast at avtalen er oppgjort dersom det syner seg at verdien av reduserte vassavgifter har gjort opp den kapitalen; herunder anlegga som vart overført Naustdal kommune ?

Rettspraksis på tilsvarende saker syner kva domstolane ofte legg vekt på i sin argumentasjon for avgjerda.

Døme: I høgsterettsdommen i den såkalla Jahrenkildommen ga Høgsterett Lier kommune medhald i at kommunen hadde anledning til å krevje fulle årsavgifter. Grunngevinga til Høgsterett var at det måtte sjåast som klårt at vatnet i Jahrenkjelda ikkje tilfredstilte dei krava til drikkevatt som galdt når dommen falt. Avgjerda i favør av Lier kommune var her basert på avtaletolkning jf avtalelova § 36.

Kva Naustdal kommune bør gjere vil ikkje vi ha noko meining om i denne rapporten.

Kommunen har mange omsyn å ta i si forvaltning som etter vår vurdering fort kan tangere inn i mot det politiske området.

Vurderingane av kva og korleis kommunen skal handtere avtalane, har i seg reint fagjuridiske element, økonomi, kommunen som avtalepart, omsynet til likehandsaming av innbyggjarane og kommunen sitt omdømme blant innbyggjarane.

⁷ Pacta sunt servanda er latinsk og betyr «avtalar skal haldast». Uttrykket har namngjeve eit sentralt prinsipp innan avtaleretten som går tilbake til romertida. Prinsippet er internasjonalt anerkjent, og gjeld i alle sivilserte samfunn.

5 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA



Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no

Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Høyring Forvaltningsrevisjon: Spørsmål til rådmannen på førebels rapport

1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?
Svar: Nei, informasjon og oppfølging var god. Også formulert ryddig plan for vidare arbeid med denne forvaltningsrevisjonen.

2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?
Svar: Nei. Gode avtalar, om enn noko tidsbruk i oppfølginga frå vår side. Grei fordeling mellom adm. i Naustdal og økonomikontoret vårt i Førde.

3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane til revisjonen? I tilfelle kva?
Svar: nei

4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar** og **anbefalingar**?
Svar: samla vurdering er at rådmannen tykkjer rapporten har tydelege konklusjonar og anbefalingar.

5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?
Svar: Rådmannen vil i 2013 nytte ekstern hjelp til juridiske og tekniske vurderingar knytt til vassverksavtalane, utgiftene til dette er lagt inni driftsbudsjettet og sjølvkostberekninga.

6) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?
Svar: rådmannen vurderer oppbygging og språkbruk som systematisk og forståeleg.

7) Har rådmannen **andre** merknader?

Svar: Nei

Førde, den 19.11.2012



Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning

6 REFERANSAR

Kommunelova, offentlighetslova (oppeva), offentleglova, avtalelova, Kong Christian den 5. lov, høgsterettsdommen «Jahrenkildommen»

040/12 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN – NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.12.2012	040/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Oversendingsbrev frå KRYSS-revisjon til SEKOM-sekretariat, datert 21.11.2012.
- Revisjonsrapport: "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren", datert 19.11.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 004/11 og 13/11
- Tingingsdokument datert 01.06.2011
- RSK001.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" frå KRYSS-revisjon, datert 19.11.2012 og til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Kommunestyret tek rapporten til orientering, med følgjande vurdering og konklusjon:

1. Kommunestyret merkar seg konklusjonen om at dei nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i VA samsvarar med dei tilrådingar og normer som er lagt til grunn i H-2140 "Retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester".

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN – NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

”Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon).”

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

”Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.”

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for vidare arbeid med val av prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvaldsmøte 28.03.2011 vart det i sak 04/11 ”Forvaltningsrevisjon - Val av prosjekt” vedteke at ein skal gjennomføre følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt: ”Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.” I kontrollutvaldsmøte 01.06.2011 i sak 13/11 ”Forvaltningsrevisjonsprosjekt Sjølvkostberekningar VAR-sektoren” vart tingingsdokument vedteke. Tingingsdokumentet vart sendt KRYSS-revisjon same dag.

Prosjektet hadde følgjande problemstillingar:

- Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm?
- Er føreliggjande avtale om reduserte prisar for ”gamle” abonnentar ved Naustdal gjeldande for dagens abonnentar.

Undervegs i arbeidet fann KRYSS-revisjon at eit sentralt dokument frå advokatfirma Håvind Vislie, datert 16. januar 2004 poststempla av Naustdal kommune den 26. januar er unnateke offentleg innsyn etter offentleglova §5, 2. ledd bokstav b. KRYSS-revisjon i samråd med SEKOM-sekretariat og kontrollutvalsleiaren bestemte KRYSS-revisjon at tinginga reint faktisk vert delt i to rapportar. Ein for kvar problemstilling.

10.11.2011 har KRYSS-revisjon levert statusoversyn for prosjektet

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtalte i rapporten. Administrasjonssjefen har fått høve til dette. I rapporten side 11 finn vi rådmann sine kommentarar til høyringa.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann vert kalla inn til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

”§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. ”

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *”Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet.”*

Sekretariatet vurderer det slik at revisor har svart på problemstillinga i tingsingsdokumentet.

Kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast på ulike måtar. Vi tilrår vi at rapporten vert lagt fram til handsaming i kommunestyret. Alternativt kan rapporten sendast kommunestyret til orientering.

Sekom sekretariat
Ved Vidar Øvrebø
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
L

Arkivkode:
216

Journalnr.:
037/2012


Dokumentdato:
21.11.2012

Oversendingsbrev forvaltningsrevisjon

KRYSS- revisjon oversender med denne ekspedisjonen endeleg forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar på VAR – sektoren og revisjonsrapport Vurdering av vassverksavtalar for vidare handsaming i kontrollutvalet.

Elektronisk kopi av rapporten i form av e-post vert samstundes oversendt SEKOM sekretariat

Med helsing


Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning
Tlf: 91 33 30 46

+



KRYSS REVISJON

*KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD*

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Naustdal Kommune

”Sjølvkostberegningar på VAR-sektoren ”

Endeleg rapport levert den: 19.11.2012

INNHALD

1	INNLEIING	3
	Konklusjonar og funn i rapporten – oppsummert:	3
	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:.....	3
2	KVA FORVALTNINGSREVISJON ER	3
	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	3
	KRYSS- Revisjon	3
3	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA	3
	Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen	3
	Tingingsdokumentet frå SEKOM	4
	3.1.1 Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følge tingingsdokumentet	4
	3.1.2 Presisering av vår oppdragsforståing	4
	Revisjonen sin vurdering av tingingsdokumentet	4
	3.1.3 Metodiske implikasjonar ved og tolking av problemstillingane	4
4	REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	4
	Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	4
	Revisjonskjelder- og kriterium i dette prosjektet	5
	4.1.1 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten.....	6
5	METODE	6
6	Administrativ organisering	6
	6.1 Ansvarsfordeling i sjølvkostområda.....	7
7	PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	7
	7.1 Presisering	7
	7.1.1 Dokumentasjonen frå kommunen.	7
	7.2 Vurderingar og konklusjonar	10
8	Rådmannen sine kommentarar til høyringa	11
9	Kjelder	12
10	UPUBLISERTE VEDLEGG:	12

1 INNLEIING

Nedanfor er dei konklusjonar og eventuelle *tilrådingar* som er gjort i denne forvaltningsrevisjonsrapporten dregne ut og presentert samla.

Konklusjonar og funn i rapporten – oppsummert:

Problemstilling 1: Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm	
Kapitteloverskrift	
7.2 Vurderingar og konklusjonar Sjå side 12	Nøklane som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i VA er ikkje i strid med dei tilrådingar og normer som er lagt til grunn i H – 2140
Funn Sjå side 10	Naustdal kommune har gjennom sitt system for sjølvkost, dokumentasjon på fordelingsnøklane for henførbare interntenester. Fordelingsnøklane er grunna i legitim metode for fordeling av interntenester.

Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:

- ❖ VAR. Er forkorta av orda Vatn, Avlaup og Renovasjon
- ❖ Indirekte kostnader. Samanslege omgrep som femnar H- 2140 sine omgrep: støttefunksjonar og tilleggssytingar.
- ❖ Alternativkostnad tyder det same som kalkulatoriske renter. Kalkulatoriske renter nyttast i sjølvkostrekneskapen som eit uttrykk for finansiell kostnad.

2 KVA FORVALTNINGSREVISJON ER

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Naustdal kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommuneleva § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommuneleva § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at forvaltningsrevisjon skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon” nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

KRYSS- Revisjon

KRYSS- Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommuneleva § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

Revisorar frå KRYSS- revisjon har i dette prosjektet vore:
Charles Litsheim Rev.sjef forvaltning.

3 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA

Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, datert 20.01.2010.

Det vert i tinginga synt til at dei styrande organa i Naustdal kommune ynskjer å få kjennskap til: "Om sjølvkostberekningane på VAR- sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene".

Tingingsdokumentet frå SEKOM

3.1.1 Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følgje tingingsdokumentet

Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet går fram av *tingingsdokumentet*, der det vert synt til at: Revisor skal undersøkje om sjølvkostberekningane på VAR- sektoren samsvarar med gjeldande regleverk for tenestene og at innbyggjarane i Naustdal kommune då betalar riktig pris for tenestene.

Problemstillingane for forvaltningsprosjektet er gjeve i tingingsdokumentet:

- Problemstilling 1: Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?
- Problemstilling 2: Er føreliggjande avtale om reduserte prisar for «gamle» abonnentar ved Naustdal gjeldande for dagens abonnentar?

3.1.2 Presisering av vår oppdragsforståing

Slik vi forstår tinginga frå kontrollutvalet er det ikkje bedt om ei totalvurdering av Naustdal kommune si praktisering av sjølvkostprinsippet. Oppdraget tar for seg konkrete delar av gebyrgrunlaget, og gjev klare føringar på kva som skal reviderast. Vår rapport vil difor ikkje jf tinginga gje ein fullgod gjennomgang av Naustdal kommune si totalpraktisering av reglane og retningslinene styrande for sjølvkosttenestene. Meir presist tyder det at vi ikkje vil gjere revisjonsarbeid som elles vert utført i den ordinære rekneskapsrevisjonen. I vårt arbeid vil vi difor bruke det talmaterialet som er revidert og som på det viset er revisjonsfagleg kvalitetssikra. Då renovasjonsarbeidet i sin heilskap er overført til eit interkommunalt renovasjonsselskap¹, går vi ut frå at vi kan direkte nytte rekneskapsstala på renovasjon i vårt arbeid. Vi vil følgjeleg då ikkje gjere revisjonsarbeid inn mot SUM.

Problemstillinga som gjeld avtalane om redusert pris på vatn, vil ikkje verte utført etter RSK 001. Problemstillinga er slik vi ser det eit reint juridisk spørsmål, som om partane i avtala ikkje vert samde om, vil måtte få si endelege løysing i rettsvesenet via ein dom. I så måte vil vi difor kort skissere avtalane, og dei vurderingar som er gjort av advokatane som har vurdert innhaldet i dei.

Revisjonen sin vurdering av tingingsdokumentet

3.1.3 Metodiske implikasjonar ved og tolking av problemstillingane

Ordlyden i problemstilling 1 er slik:

"Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?"

Slik vi forstår tinginga, legg vi til grunn at indirekte kostnader er dei kostnader som ein ikkje finn direkte på rekneskapskontoane for vatn, avlaup og renovasjon i drifta eksklusiv avskrivningar og kalkulatoriske renter

4 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

KRYSS- Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

¹ Sunnfjord miljøverk forkorta SUM

- ❖ I RSK 001, punkt 27, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 25 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til*. Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ Desse revisjonskriteria skal vere *grunngjeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området, jf RSK 001, pkt 26.

Revisjonskjelder- og kriterium i dette prosjektet

Dei mest relevante rettsreglane innan tenester som vert omfatta av omgrepet sjølvkost er å finne i:

- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974. Utgangspunktet for lova og forskrifta til lova er at brukarane av tenestene (vatn og avlauf) bør bære kostnadane med tenestene. Merk at lova ikkje stiller krav om full kostnadsdekking.
- Forurensingsloven. Innafor avfallsområdet er det satt eit lovmessig krav om at sjølvkost skal danne grunnlaget for brukarbetalinga.
- Plan- og bygningsloven. Lova seier at brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost. Sjå PBL § 109
- Kart- og delingsloven. Brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost, jf Kart- og delingslova § 5-2.
- Brannvernloven. Brannvernlova § 28 seier at brukarbetalinga maksimalt kan dekke sjølvkost innan feietenestene.

Eit sentralt styringsdokument for sjølvkosttenestene er Kommunal- og regionaldepartementet sitt dokument H-2140 ” *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester*”.

I H – 2140 vert omgrepet sjølvkost definert som: ”*Selvkost er den merkostnad kommunen påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste.*”

Meirkostnad må forståast som dei kostnader som kommunen har knytt til den samla produksjonen av den aktuelle tenesta. Utgangspunktet for å rekne sjølvkost er då dei kostnader som er tilknytta framstillinga/produksjonen av den aktuelle tenesta. Dei utgiftene /kostnadene kommunen har som kjem uavhengig av produksjonen av den aktuelle tenesta vert ikkje omfatta av omgrepet meirkostnad. Det tyder at sjølvkost er å sjå på som den del av kommunen sine kostnader som samvarierer med storleiken på sjølve tenesta. Og altså IKKJE som ein del av kommunen sine totale utgifter/kostnader. Omgrepet meirkostnad femnar kring årlege driftsutgifter og årlege kapitalkostnader. Retningslinene for utrekning av sjølvkost utleier ein generell modell der dei direkte utgiftene for å framstille tenesta alltid er relevante i sjølvkostkalkyla, medan indirekte utgifter både kan vere relevante og ikkje – relevante i sjølvkostkalkyla. Om de er relevante eller ikkje, kjem an på om kostnaden det er snakk om kan reknast som ein meirkostnad i forhold til definisjonen av sjølvkost eller ikkje.

Retningslinene syner i så måte ein generell modell der framstillinga av ein kommunal teneste er samansett av ulike funksjonar. I modellen vert framstillinga av ei kommunal sjølvkostteneste inndelt i 3 komponentar. Kjerneproduktet, tilleggsyttingane og støttefunksjonane.

Kjerneproduktet er sjølve tenesta ytt. Kostnadane her finn vi registrert i rekneskapen under rett funksjon/teneste.

Tilleggsyttingar og støttefunksjonane er aktivitetar som er naudsynt for kommunal drift i det heile. I det ligg det at den del av desse aktivitetane som varierer i omfang direkte relatert til sjølvkosttenesta kan reknast som meirkostnad og dermed vere relatert eller ”henførbar” som er omgrepet nytta i retningslinene. Retningslinene nyttar samleomgrepet interntenester i staden for å skilje mellom støttefunksjonar og tilleggsyttingar. I og med at interntenestene ofte er knytt til framstilling av fleire

tenester må det være eit system i kommunen som fordelar kostnadane på den einstilte tenesta. I retningslinene er foreslått fordeling av desse funksjonane ofte skjønnsprega. Men som det framgår av døma i retningslinene er det ein føremon om fordelingsnøkkelen er etterprovbar i form av objektive kriterier som tal bilag, omsetning, del nytta areal, tal tilsette, stillingsstorleik m v.

I retningslinene vert sjølvkost vidare modellert og konkretisert som døme på korleis ein kan gjere det. Konkretiseringa med både utførande forklaringar og reine døme gjer til at retningslinene vert opplevd som relativt detaljerte.

Vi ser det naturleg å utleie dei spesifikke revisjonskriteriane til dei einstilte spørsmåla direkte frå retningslinene i H – 2140 der dei høver.

Viktig å merke seg er at berre lov om forureining set som vilkår at forureinar skal betale fullt ut for arbeidet med å handtere avfallet. Ingen av dei andre aktuelle lovene har krav om at brukar skal dekke kostnadene med tenesta fullt ut. I desse tenestene er sjølvkost taket på kor store gebyra kan vere. I kva grad ordningane med vass- og kloakkavgift skal vere sjølvfinansierande må difor avgjerast av kommunestyret gjennom vedtak.

4.1.1 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten

Dei konkretiserte revisjonskjeldene – revisjonskriteria – som er nytta i denne rapporten, er fleire. Nedanfor er revisjonskriteria og problemstillingane (i følgje tinginga) dei er knytte til, lista opp:

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	<ul style="list-style-type: none">Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?	<ul style="list-style-type: none">Sjå H-2140 "Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester" kapittel 3.2 tilleggssytelser og støttefunksjoner (interntjenester).

Tabell 1: Problemstillinger i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium.

5 METODE

Vi føreset at vi i arbeidet med denne revisjonen har fått tilgang til all relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde frå kommunen er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, analyse av økonomi- og personaldata og samtalar med m.a. einingsleiar for rekneskap. Vi har i tillegg nytta revisjonsvurderingar og notat henta frå oppdragsansvarleg revisor for kommunerekneskapet i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen så langt dei passar.

6 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Naustdal kommune er organisert etter ein struktur med rådmann, fire rådgjevarar og 10 seksjonar med kvar sin seksjonsleiar. Om administrativ leiing finn vi dette på kommunen si heimeside ² Sitat: *Rådmannen og dei 4 rådgjevararane utgjer leiargruppa i Naustdal kommune. Gruppa og den einstilte rådgjevar skal følgje opp, rettleie og arbeide med prinsipielle saker og overgripande utviklingsarbeid innanfor kvart sitt fagområde.* Sitat slutt. I tillegg til dei fire rådgjevarane er det i leiarestaben til rådmannen også ein spesialkonsulent.

Viktige styringsdokument i kommunen er: Administrativt delegasjonsreglement, handlingsplanane, finansreglement, politisk delegasjonsreglement m.m. Tenesteeiningane ved tenesteleiarane har sin mynde etter det administrative delegasjonsreglementet.

² Sjå www.naustdal.kommune.no

6.1 Ansvarsfordeling i sjølvkostområda

I ein e-post³ frå kommunen vert det opplyst at tilvisingsretten på ansvar 620 er lagt til seksjonsleiar på teknisk drift. I ansvarsområdet ligg det også at seksjonsleiaren skal setje opp budsjett for VAR – området. Det framgår av e-posten at det praktiske arbeidet med VAR - budsjettet vert utført i eit samvirke og arbeidsfellesskap mellom rådgjevar teknisk drift og seksjonsleiar teknisk drift der dei også konfererer med rekneskapskontoret på ein skilde postar som til dømes kalkylerente, anleggsbidrag, avskrivningar etc. Når arbeidet er ferdig vert det godkjent av rådmannen som igjen legg fram utkastet til budsjett til politisk handsaming.

Seksjonsleiar teknisk drift har løpande oversikt over alle tenester under ansvar 620 og ressursbruken til dei tilsette på teknisk utedrift skal visast i deira timeregistreringssystem. Fordeling av indirekte kostnader (les interntenester) legg kommunen til grunn skjønsmessige berekningar av tidsbruken til mellom anna administrasjonen. Desse skjønsmessige fordelingane vert understøtta jf e-posten gjennom testkartleggingar av tidsbuk for ein skild tilsette, tidsmålingar på ein skildsaker og fakturering. Som eit døme vert det i e-posten vist til at dei i 2012 vil nytte resultatet frå ei kartlegging av arbeidsoppgåver som vart gjort i vår, på ansvar 600 – rådgjevar plan og næring og ansvar 620 – seksjonsleiar teknisk drift, samt tilsvarende undersøking på servicekontoret som grunnlag for å eventuelt justere på prosentfordelinga av arbeidsinnsatsen til den ein skilde tilsette.

7 PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 1 lyder slik:

«Er nøklar som ligg til grunn for deling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?»

7.1 Presisering

Problemstillinga slik ho står må avklarast i høve dei faktorane og omgrepa som vert nytta i H- 2140. Vi vel å avgrense og operasjonisere omgrepa i tinginga slik.

Indirekte kostnader:

Omgrepet er ikkje direkte nytta i retningslinene. Indirekte kostnader vert difor operasjonisert til å omfatte delar av det som vert kalla for tilleggssytingar og støttefunksjonar etter retningslinene. I og med at kommunane i Norge faktisk organiserer sine tenester forskjellig, er det ofte vanskeleg å definere klårt kva som er tilleggstenester og kva som er støttefunksjonar. Rettleiaren nyttar difor samleomgrepet *interntenester* på ovannemnde utgiftstypar.

Tilrådingar eller norm:

Vert operasjonisert og fortolka etter innhaldet i H – 2140. Nærare presisert vil det seie at heile regelverket i utgangspunktet gjeld, men at dei delar av regelverket som er relevant for problemstillinga vil verte synt til og nytta som kriterium, i analysa.

7.1.1 Dokumentasjonen frå kommunen.

I e-postar frå kommunen og frå rekneskapskontoret har vi fått overlevert styringsdokument som dei meiner er relevante i høve problemstillinga. Det inkluderar rekneark som er oppsett mykje likt forslaga til malar som står i veiledaren. Reknearka er linka slik at lesaren/brukaren kan fordjupe seg i den ein skilde utgiftstype eller utgiftsstad, og dei inkluderar alle områda som er underlagt reglane om sjølvkost.

Det vert synt korleis Naustdal kommune fordelar støttefunksjonar og/eller tilleggssytingar i forhold til fordelingsnøkkel ”Tidsbruk⁴”. I dokumentasjonen frå kommunen vert kapitalkostnadane opplyst

³ E-post av 01.10.2012 frå Naustdal kommune

⁴ Tidsbruk referer seg også til stillingsprosent og årsverksverknad

med opphavleg kostnad fråtrukke tilskot. Avskrivingsperioden er opplyst og det føreligg egne oppsett som syner historiske avskrivningar og restverdi på anlegga.

I grunnlagsdokumentasjonen gjeldande for Naustdal kommune er det oversikter henta direkte frå rekneskapen og eigneproduserte oversikter som syner avskrivingsgrunnlaget for kontrollerte år. Det ligg også føre understøttande dokument i oversendt materiale frå administrasjonen, og desse vil verte handsama i rapporten der dei naturleg høyrer heime.

7.1.2 Revisjon

Naustdal kommune inkluderar desse kostnadane i sitt sjølvkostrekneskap. Fordelingsnøkkelen er i fylgje dokumentasjonen frå kommunen slik: Revisjonssjefen har vurdert og gått gjennom kor mykje tid dei tilsette i KRYSS – revisjon nyttar på sjølvkostområda. Nyttar tid vert omrekna til årsverknad i prosent og deretter nytta som fordelingsnøkkel. Til slutt vert utgiftene på teneste 11050 "revisjon" dividert med tal tilsette som jobbar med sjølvkost i KRYSS – revisjon, og til slutt multiplisert med fordelingsprosenten som igjen vert likt fordelt på sjølvkostområda.

7.1.3 Administrasjon som omfattar: Kontorstøtte/personalavdeling og sekretariatet

I fylgje dokumentasjonen frå Naustdal kommune er fordelingsnøkkelen på desse funksjonane basert på skjønsmessige vurderingar av tidsbruk på ulike fagområder. Vurderingane vert mellom anna jf e-post frå kommunen basert på testkartleggingar av tidsbruk for einskildtilsette, tidsmålingar på einskildsaker med meir og innsamla data, der dei respektive einingane sitt arbeid i sjølvkostområda er kvantifisert og omgjort til berekna årsverk. Driftsutgiftene til desse einingane vert dividert med tal tilsette på einingane og deretter multiplisert med årsverksverknaden av tid nytta til sjølvkostområda..

7.1.4 Rekneskap som omfattar: Fakturering, innfordring sakshandsaming, løn

Rekneskapskontoret og skattekontoret belastar Naustdal kommune med deira del av kostnaden med å drifte det felles rekneskapskontoret for Førde, Gaular og Naustdal kommune. Tida nytta til sjølvkostområdet vert vidare rekna om til årsverk Summen Naustdal kommune betalar for å vere med i felles rekneskapskontor vert dividert på tal tilsette som jobbar med Naustdal kommune sitt rekneskap og til slutt multiplisert med årsverksverknaden av tid nytta til sjølvkostområda.

7.1.5 Informasjonsteknologi

I fylgje dokumentet vi har fått får kommunen vert IKT utgiftene fordelt slik: IKT tenestene i Naustdal kommune vert utført av det interkommunale samarbeidet SYS – IKT. Naustdal kommune er deleigar i dette interkommunale samarbeidet. I samarbeidsavtalen til SYS - IKT er fordelingsnøkklane på utgiftene nedfelt. Naustdal kommune sin del av desse utgiftene vert dividert med tal tilsette som vert nytta mot Naustdal kommune og vidare multiplisert med årsverksverknaden av tid nytta til sjølvkostområdet.

7.1.6 Teknisk

I utgangspunktet vart alle utgifter som vedkjem sjølvkostområda anten postert direkte mot tenesta eller så er dei ført mot teneste 1.9xxx. For budsjettåret 2012 er dette endra⁵ Dei resterande henførbare utgiftene som sorterer under teknisk vert fordelt slik: Utgiftene på teknisk vert dividert med tal stillingar og deretter multiplisert med årsverksverknaden av tid nytta til sjølvkostområda.

7.1.8 Kostnadar ført på 1.9xxx.

Ikkje alle typar utgifter er like rasjonelt å direkteføre på den einskilde sjølvkostteneste. Vi bad difor i ein e-post om tilbakemelding på kva utgifter som typisk vert registrert på 1.9xxx. I svaret frå rekneskapsavdelinga vert det opplyst at utgifter på teneste 19020 Drift anleggsavdeling – lager vert fordelt med 50 % til sjølvkostområde etter ein fordelingsnøkkel der halvparten av utgiftene vert fordelt til VAR. Fordelinga vidare i VAR framkjem slik: 20 % til produksjon vatn, 15 % distribusjon vatn, 5 % til avlaupsrensing og 10 % til avlaup innsamling.

⁵ Naustdal kommune har for 2012 oppretta tenesta 12100

Vi presenterer nedanfor ein tabellarisk oversikt over moglege utgiftstypar⁶ som kan inngå i eit sjølvkostrekneskap og faktiske kostnader ført i sjølvkostrekneskapen i Naustdal kommune.

Moglege utgifter jf H - 2140 ⁷	Utgifter medteke i sjølvkost rekneskapen i Naustdal kommune	Fordelingsnøklar: Våre kommentarar	Våre korte kommentarar
Kapitalkostnader – avskrivningar	Ja	Avskrivningsgrunnlag dokumentert.	Gjennomgått i samband med rekneskapsrevisjonen.
Løn, trygd pensjon	Ja	Dokumentert i årsrekneskapen på tenestene	Revidert i henhold til revisjonsplanen for Naustdal kommune
Varer og forbruksmateriell	Ja	Dokumentert i årsrekneskapen på tenestene	Revidert i henhold til revisjonsplanen for Naustdal kommune
Andre driftsutgifter	Ja	Dokumentert i årsrekneskapen på tenestene	Revidert i henhold til revisjonsplanen for Naustdal kommune
Kjøp av tenester	Ja	Dokumentert i årsrekneskapen på tenestene	Revidert i henhold til revisjonsplanen for Naustdal kommune
Interntenester (H- 2140)			
Rekneskaps og innfordringsfunksjon	ja	Naustdal kommune fordeler desse kostnadane etter bokførte utgifter på eininga dividert på tal stillingar nytta mot Naustdal kommune og multiplisert med registrert årsverksprosent nytta på sjølvkostområda.	Fordelingsprosenten er basert på erfart tidsbruk på tenestemråda og skjønn. Etterkontroll av prosentsetsatsen er ikkje umiddelbart etterkontrollerbar. Må baserast på tillit til oppgjeve fordelingsnøkkel.
Kontorstøtte	Ja	Fordelt etter årsverksprosent multiplisert med bokførte utgifter på eininga. (Administrasjon)	Skjønn og erfart belastning på tenestemråda ligg til grunn for interntenestekostnaden. Vanskeleg å etterkontrollere prosentsetsatsen. Må baserast på tillit til oppgjeve fordelingsnøkkel
Revisjon	Ja	Naustdal kommune fordeler revisjonskostnadane etter ein nøkkel basert på omsetnad i høve fordelt lønskostnad	Kan takast med, til dømes ved å ta prosentvis andel av revisjonskostnad i høve VAR sin del av totale utgifter i årsrekneskapen
Personal og bedriftshelseteneste	Ja	Fordelt etter årsverksprosent multiplisert med totalt bokførte driftsutgifter på eininga (Administrasjon)	
Velferdstiltak	Nei		
Sentral opplæring	Nei		Opplæringstiltak eksternt vert finansiert over kursbudsjetta i dei forskjellige einingane
Kantinedrift	Nei		Kommunen har ikkje kommunal kantinedrift
Hustrykkeri	Nei		Kommunen har ikkje eige hustrykkeri
IKT	Ja	Fordelingsnøkkel er basert på fordelt sum frå SYS –IKT etter nøkkel i samarbeidsavtalen som så vert dividert på relevant tal tilsette og multiplisert med årsverksverknaden på sjølvkostområda.	
Drift av sentralbord/fellespost- og teletenester	Ja	Fordelingsnøkkel er basert på årsverksprosent multiplisert med totalt bokførte utgifter på administrasjonseininga.	Skjønn og erfart tidsbruk ligg til grunn for interntenestekostnaden. Arbeidskrevjande og vanskeleg å etterkontrollere prosentsetsatsen. Må baserast på tillit til oppgjeve fordelingsnøkkel
Teknisk konsulent/bistand ved prosjektering	Ja	Kostnaden vert anten ført på tenesta eller så vert ho registrert som ein del av investeringa og følgjeleg inngår ho i avskrivningsgrunnlaget på kapitalen	
Juridisk bistand	Nei (til no)		
Drift av maskinpark	nei	Ført direkte på tenestene	
Bygningsdrift	nei	Ført direkte på tenestene	

Tabell 2 Oversyn Kostnader i sjølvkost

⁶ Innhaldet i tabellen er henta frå døma presentert i H - 2140

⁷ H – 2140 er Kommunal- og regionaldepartementet sine retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester

I tabellen har vi freista å gje eit oversyn over kva Naustdal kommune har rekna inn i sine sjølvkosttenester, i forhold til "fasiten" på området – som er kommunaldepartementet sine retningsliner for rekning av sjølvkost H – 2140.

Funn:

- ❖ Naustdal kommune har gjennom sitt system for sjølvkost, dokumentasjon på fordelingsnøkane for henførbare interntenester.
- ❖ Fordelingsnøkane er grunna i legitim metode for fordeling av interntenester.

7.2 Vurderingar og konklusjonar

I dokumentasjonen går det fram at fordelingsnøkane som vert nytta på interntenestene i stor grad baserer seg på innhenta opplysningar om erfart tidsbruk og skjønn. Den erfarte tidsbruken er basert på timeregistreringar og kartleggingar av ressursinnsats hjå tilsette i plan og næring.

I retningslinene (H-2140) vert denne måten å rekne interntenestekostnader på særleg synt til som ein godkjent måte å fordele utgiftene til tilsette i delte stillingar. Vidare står det på side 13, 2. avsnitt i retningslinene at det vert presisert at denne måten å rekne på er knytt til «kjerneproduktet».

I punkt 3.2. på side 13 i retningslinene står dette: « *Hva som er relevant metode for å håndtere interntjenester i en selvkostkalkyle vil variere fra interntjeneste til interntjeneste* ». På same side i retningslinene står også i siste avsnitt at døma på typiske interntenester ikkje er uttømmende, i og med at kommunene i Norge organiserar seg ulikt, og det er ulik grad av eigenregi/egenproduksjon og kjøp av tenester utanifrå. At det i retningslinene på side 13 og 14 står at ein bør søke å nytte fordelingsnøklar som kan direkte etterprovast i form av kjente storleikar som til dømes, omsetning, areal, timeregistrering på aktivitetar, tal transaksjonar osv, vert slik vi ser det å sjå på som tilrådingar frå departementet.

Vi ser ikkje på dei som ufråvikelege krav til korleis kommunane skal dokumentere og rekne interntenestene i sjølvkostområda. Vi meiner difor sett i lys av kva som faktisk står på side 13 i retningslinene, at ein bør sjå praktisk på rutinene som er etablert. Vi meiner også at dei rutinene ein har for å rekne interntenester bør sjåast i lys av, og vegast mot, kostnaden det medfører å etterleve, vedlikehalde og administrere rutinane. Slik vi ser det er det difor viktig at endringar i administrativ organisering som medfører endringar i stillingsinnhald raskt vert oppfanga og implementert i modellen.

Ein mogleg måte å teste om Naustdal kommune sin måte å rekne interntenester på gjev avvik på kostnadsbildet, ville være å rekne internkostnaden på eit utvalgt kostnadsområde likt med tilrådingane i retningslinene på side 15 og utover.

Det viktige, uavhengig av tilrådingane i H-2140, er at rekneskapseininga som har utvikla modellen meiner han er fullnøyande og grei å vedlikehalde.

Konklusjon: Nøkane som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i VA er ikkje i strid med dei tilrådingar og normer som er lagt til grunn i H – 2140.

8 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA



Dagleg leiar/ Revisjons sjef: **Terje Førde**, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Høyring Forvaltningsrevisjon: Spørsmål til rådmannen på førebels rapport

1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?

Svar: Nei, informasjon og oppfølging var god. Også formulert ryddig plan for vidare arbeid med denne forvaltningsrevisjonen.

2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?

Svar: Nei. Gode avtalar, om enn noko tidsbruk i oppfølginga frå vår side. Grei fordeling mellom adm. i Naustdal og økonomikontoret vårt i Førde.

3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane til revisjonen? I tilfelle kva?

Svar: nei

4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar** og **anbefalingar**?

Svar: samla vurdering er at rådmannen tykkjer rapporten har tydelege konklusjonar og anbefalingar.

5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?

Svar: Rådmannen vil i 2013 nytte ekstern hjelp til juridiske og tekniske vurderingar knytt til vassverksavtalane, utgiftene til dette er lagt inni driftsbudsjettet og sjølvkostberekninga.

6) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?

Svar: rådmannen vurderer oppbygging og språkbruk som systematisk og forståeleg.

7) Har rådmannen **andre** merknader?

Svar: Nei

Førde 19.11.2012



Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning

9 KJELDER

	Forureiningslova
	Kommunelova
	Lov om kommunale vass og kloakkavgifter av 31.05.1974
H - 2140	Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester
	Revisjonsmelding årsrekneskapen 2009 og 2010
	Avtalelova
	Høgsterettsdom: Jahrenkildommen

10 UPUBLISERTE VEDLEGG:

H - 2140	Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester
Sjølvkost Naustdal	Reknearka som ligg til grunn for sjølvkostnota i årsrekneskapen
	Diverse e-postkorrespondanse mellom kommune og revisor

041/12 ORIENTERING – RUTINAR FOR TILBAKEMELDING PÅ HENVENDINGAR TIL NAUSTDAL KOMMUNE FRÅ PUBLIKUM

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.12.2012	041/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum», datert 20.09.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 036/11 ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum”.
- Sak 025/12 ”Eventuelt»
- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum», datert 19.12.2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum er tatt til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING – RUTINAR FOR TILBAKEMELDING PÅ HENVENDINGAR TIL NAUSTDAL KOMMUNE FRÅ PUBLIKUM

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebo

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om barnevernet i Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Den 16.12.11, under sak 036/11 ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum” vart det gjort følgande vedtak.

- *Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmann for å orientere om Barnevernet i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet.*

I møte den 23.03.2012 vart saka utsett.

I kontrollutvalsmøte den 17.09.2012, under sak 025/12 «Eventuelt» vart det gjort vedtak om å kalle inn rådmann på nytt for å orientere om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum på nytt.

Den 20.09.2012 vart det sendt brev til Naustdal kommune der det blir bedt om at administrasjonen førebur ei kort orientering om kva rutinar Naustdal kommune har ved tilbakemelding på henvendelse til kommunen. Aktuelle tema kan til dømes vere regelverk og retningsliner som kommunen skal følgje og vedtak ein må etterleve.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Naustdal kommune
Postboks 46
6806 NAUSTDAL

Førde, 20.09.12

Dykkar ref.: Vår ref.: Vø Jnr.: 395/12 Arkiv: Naustdal

ORIENTERING – RUTINAR FOR TILBAKEMELDING PÅ HENVENDINGAR TIL NAUSTDAL KOMMUNE FRÅ PUBLIKUM

Kontrollutvalet i Naustdal heldt møte 17.09.2012. Under sak 025/12 ”Eventuelt” vart det gjort følgjande vedtak.

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum på neste møte i kontrollutvalet.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei kort orientering om kva rutinar Naustdal kommune har ved tilbakemelding på henvendelse til kommunen. Aktuelle tema kan til dømes vere regelverk og retningslinjer som kommunen skal følgje og vedtak ein må etterleve.

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er etter planen 20. november 2012..

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

042/12 ORIENTERING – NAUSTDAL KOMMUNE SIN EIGARSKAP I SELSKAP

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.12.2012	042/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum», datert 20.09.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 036/11 ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum”.
- Sak 025/12 ”Eventuelt»
- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum», datert 19.12.2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum er tatt til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING – NAUSTDAL KOMMUNE SIN EIGARSKAP I SELSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om barnevernet i Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Den 16.12.11, under sak 036/11 ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum” vart det gjort følgande vedtak.

- *Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmann for å orientere om Barnevernet i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet.*

I møte den 23.03.2012 vart saka utsett.

I kontrollutvalsmøte den 17.09.2012, under sak 025/12 «Eventuelt» vart det gjort vedtak om å kalle inn rådmann på nytt for å orientere om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum på nytt.

Den 20.09.2012 vart det sendt brev til Naustdal kommune der det blir bedt om at administrasjonen førebur ei kort orientering om kva rutinar Naustdal kommune har ved tilbakemelding på henvendelse til kommunen. Aktuelle tema kan til dømes vere regelverk og retningsliner som kommunen skal følgje og vedtak ein må etterleve.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Naustdal kommune
Postboks 46
6806 NAUSTDAL

Førde, 20.09.12

Dykkar ref.: Vår ref.: Vø Jnr.: 398/12 Arkiv: Naustdal

ORIENTERING OM NAUSTDAL KOMMUNE SIN EIGARSKAP I SELSKAP

I Kontrollutvalssak 026/12 «Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap» den 17.09.2012 vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om selskap som Naustdal kommune er medeigar i på neste møte i kontrollutvalet.*
- *Kontrollutvalet ber også om status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsmelding i Naustdal kommune.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om selskap som Naustdal kommune er medeigar i, samt status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsmelding i Naustdal kommune

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er etter planen 20. november 2012.

Ønskalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

043/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.11.2012

Utv. val	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.12.2012	43/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Naustdal kommune 2012 – 2015" med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
- Kommunestyresak 29/08 «Eigarskapskontroll i Sunnfjord Miljøverk IKS»
- Kommunestyresak 61/10 «Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Naustdal kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til bystyret:

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebo

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Naustdal kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Førde kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med bystyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsending opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

PLAN
FOR
SELSKAPSKONTROLL
2012 -2015



INNHALDSLISTE

1. Bakgrunn

2. Innholdet i selskapskontrollen

Heimel

Innsynsrett

Kva består selskapskontroll i

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

 Kommunale føretak

 Interkommunalt samarbeid

 Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt

 Vertskommunesamarbeid

 Interkommunalt selskap

 Aksjeselskap(AS)

 AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar

 Samvirkeforetak ((SA)

 Stifting

Val av organisasjonsform

3. Formålet med selskapskontroll

 Eigarskapskontroll

 Forvaltningsrevisjon

 Undersøkingar

4. Kommunen si oppfølging av selskap

 Eigarskapsstrategi for selskap Fjaler kommune eig eller er medeigar i.

5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen

 Gjennomføring – retningslinjer

 Rapportering

 Oppfølging

Vedlegg:

Oversikt over selskap Naustdal Kommune er medeigar i:

Dokument ikkje vedlagt:

- Kommunestyresak 029/08 «Eigarskapskontroll i Sunnfjord Miljøverk IKS»
- Kommunestyresak 061/10 «Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og fjordane IKS»

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) inererer i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første lekk i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre lekk skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer,, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)	Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemdar

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. Kommunale føretak. *KL kap 11.*

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. Interkommunalt samarbeid. *KL § 27.*

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. Interkommunalt samarbeid. *KL § 27. Eige rettssubjekt*

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. Vertskommunesamarbeid. *KL §§ 28a, 28b og 28c.*

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. Interkommunalt selskap (IKS). *IKS- loven.*

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar og. *Aksjeloven.*

Er eige rettssubjekt.

Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeloven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til foretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesloven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølvvegande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Den 10.04.2008 vart rapporten «Eigarskapskontroll i Sunnfjord Miljøverk IKS» lagt fram for Kommunestyret.

I kommunestyresak 029/08 «Eigarskapskontroll i Sunnfjord Miljøverk IKS» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kommunestyret viser til rapporten frå SEKOM-sekretariat datert 14.02.2008.*
- *Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.*
- *Kommunestyret ber om at arbeidet med eigarskapsmelding/strategidokument vert sett i verk, og at det vert laga rutinar for kommunikasjon mellom selskap, eigarorgan og kommunestyret for selskap som kommunen er medeigar i.*

Den 16.12.2010 vart rapporten «Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS» lagt fram for kommunestyret.

I kommunestyresak 061/10 «Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kommunestyret tek rapporten til vitande.*
- *Rådmannen utarbeider eit kort oversyn over interkommunale selskap Naustdal kommune har eigarskap i.*

Ein eigarskapkontroll vil vere basert på kommunen si eigarskapsmelding og/eller strategidokument for selskap som vert gjenstand for eigarskapskontroll.

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresakene vert følgt opp.

Gjennomføring - retningslinjer

1. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
2. Kontrollutvalet skal sjå til at Retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
4. Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
6. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
7. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer om spesielle tilhøve skulle tilseie det.

Rapportering

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinjene for gjennomføring som kjem fram framom.

Konto	Spes	Spes (T)	Beløp
22141001	2100	KLP	450 092,00
22170150	2300	Firda Billag	454 000,00
22170150	2301	Sunnfjord Næringsutvikling	33 000,00
22170150	2302	Sunnfjord miljøverk	10 600,00
22170150	2303	IBM as (Kommunedata Vestlandet)	211,90
22170150	2305	Sunnfjord Energi as	6 614 520,00
22170150	2306	Fimland Vassverk I/L	1 200,00
22170150	2307	Sunnfjord Produktet as (5 aksjer)	12 000,00
22170150	2308	Firda Produkt as	19 500,00
22170150	2309	Naustdalstunet as	40 000,00
22170150	2310	Vevring Eldresenter	304 000,00
22170150	2311	Eninvest 2002	100 000,00
22170150	2312	Førdepakken	102 000,00
22141001	8003	KLP 2001, egenkapital	143 324,00
			<hr/>
			8 284 447,90

044/12 OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 NAUSTDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.12.2012	044/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2012 Naustdal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 5-2012 Naustdal vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 NAUSTDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 21.november 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og regelmessig lagt fram for kontrollutvalet..

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2012 - Naustdal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Naustdal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	13.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrappr frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
022/10 VAR-sektoren .	12.05.10	Kvalitetssikring jfr. Presisering i revisjonsmeldinga for 2009. Abonntar som ikkje betalar pga gamal avtale.	12.05.10: Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på arbeidet med kvalitetssikring av rutine kring etterkalkulasjon av sjølvkostområda. -Kontrollutvalet ber om å få tilsendt avtalane som har vore grunnlag for fritak eller halv avgift for vatn. -Kontrollutvalet ber om å få oversikt over storleiken på dei subsidierte vassavgiftene fordelt på dei to tidlegare vassverka. - Kontrollutvalet ber om å få admi si vurdering av korleis denne saka bør løysast og innanfor kva tidsperspektiv. -Frist for tbm 1. juni 2010. 27.05.10 Brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke endeleg svar, men fått tbm treng meir tid. Sjå sak tinging forvaltningsrevisjon VAR-sektoren.
Orientering om samhandlingsreforma i Naustdal kommune.		Aktuelt tema.	
025/10 Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid.			12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om satus over pågåande inv.prosjekt. -KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta. 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke svar 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, Ikkje motteke svar.
039/10 Eventuelt	03.11.10		04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om følgjande saker: - Oppvekst og kultur i Naustdal kommune. o Luftkammuseet – Er drift av Luftkammuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter?

03/11 Fv-rapport "Økonomistyring – tenesteanalyse PLO bruk av KOSTRA	28.03.11		28.03.11 Tilråding til kst. 28.05.11 Vedtak i KS
04/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	28.03.11		28.03.11 Vedtak KU – VAR-sektoren Sjå sak 13/11
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – "Sjølkbereknningar VAR sektoren."	01.06.11		01.06 .11Vedtak KU - Tingingsdokument godkjent 01.06.11 Bestilling sendt til KRYSS. 10.11.11 Motteke statusoversyn over tinga forvaltningsrevisjon. 04.09.12 E-post frå KRYSS-revisjon - statusoppdatering -forvaltningsrevisjonsprosjekt.
031/11 Overordna analyse.	16.12.11		16.12.11 Vedtak i KU – Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
036/11 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum.	16.12.11		16.12.11 Vedtak i KU - Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmann for å orientere om Naustdal kommune sine rutinar på tilbakemelding på henvendingar til kommunen på neste møte i kontrollutvalet. Neste møte i kontrollutvalet er planlagt i siste del av februar. - Sendt brev til Naustdal kommune vedrørende orientering frå rådmann. Sjå sak 004/12
004/12 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum.	26.03.12		26.03.12: KU Vedtak - Saka vert utsett til neste møte. 09.05.12 Kalle inn rådmann til kontrollutvalsmøtet den 2. oktober 2012 Utsett til 3. desember
011/12 Skriv og meldingar.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Ad: SM 12/12: Kontrollutvalet KRYSS- revisjon endre bestilling for forvaltningsrevisjon «Kontroll av sjølvkostbereknningar på VAR sektoren og vurdering avtale vassverk». Til å femne om Reknekapstala for 2011 og budsjett tal 2012. Resten av skriv og meldingar vert teken til vitande.
015/12 Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Arbeidet med etisk reglement er ikkje starta. Kontrollutvalet tek orienteringa om etisk reglement i Naustdal kommune til vitande.
016/12 Orientering – Trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: Trafikktryggingssplan for Naustdal kommune skal på plass innan eit år.
021/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport - Økonomistyring – tenesteanalyse av pleie og omsorg gjennom bruk av kostra.	17.09.12		17.09.12 Vedtak i KU: SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 028/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – pleie og omsorg. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport
025/12 Eventuelt	17.09.12		17.09.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet endra møtetidspunkt for møtet 2. oktober til 3. desember. -Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å

			<p>orientere om rutinar for tilbakemelding på hendingar til Naustdal kommune frå publikum på neste møte i kontrollutvalet.</p> <p>-Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet.</p> <p>-Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med trafiktryggleiksplan i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet.</p> <p>-Kontrollutvalet ynskjer at rådmann orienterer om status på breibands utbygging i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet.</p> <p>-Rådmann orienterte om personalsak ved Naustdal barne og ungdomsskule.</p> <p>20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orientering om status på breibands utbygging i Naustdal kommune.</p> <p>20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering om status i arbeidet med trafiktryggleiksplan i Naustdal kommune»</p> <p>20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering – Rutinar for tilbakemelding på hendingar til Naustdal kommune frå publikum.</p> <p>20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune».</p>
026/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap.			<p>17.09.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om selskap som Naustdal kommune er medeigar i på neste møte i kontrollutvalet.</p> <p>-Kontrollutvalet ber også om status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsmelding i Naustdal kommune.</p> <p>20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orienteing om Naustdal kommune sin eigarskap i selskap»</p>
027/12 Godkjenning innkalling og sakliste	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.
028/12 Skriv og medlingar	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
029/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – «Økonomistyring – tenesteanalyse av pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA.	20.11.12		<p>20.11.12 Vedtak i KU:</p> <p>- Rådmann gir kontrollutvalet ei skriftleg orientering vedrørende oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Tenestanalyse av pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA» innan 15.01.2013.</p> <p>- Saka vert teke opp på nytt på første møte i kontrollutvalet i 2013.</p>
030/12 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.
031/12 Orientering – Etisk reglement i naustdal kommune.	20.11.12		<p>20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek orienteringa om etisk reglement i Naustdal kommune til vitande.</p> <p>- Etisk reglement går inn som ein del av</p>

			leiarutdanninga i kommunen.
032/12 Orientering – Trafikktryggleiksplan i Naustdal.	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek orientering frå rådmannen ti vitande. - Trafikktryggleiksplan vil bli fremma for kommunestyret i desember 2012.
033/12 Orientering – om breibandsutbygging i Naustdal kommune	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Rådmannen si oreintering om status på breibandsutbygging i Naustdal kommune vert teken til vitande. - Kommunen har sendt skriv til grendalaga for å kartlegge flaskehalsar i breibandet i kommunen. - Kommunen vil møte Telenor for å ta opp dekning i grender som har problem med breibandsdekning.
034/12 Oppfølgingsliste 4-2012 Naustdal.	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 4-2012 Naustdal vert teken til vitande.
035/12 Eventuelt	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Ikkje teke opp saker.
036/12 Undersøking – investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune - Tinging	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bedt om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune. 20.11.12 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.

Oppdatert 21.11.2012

045/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet Kommunestyre	03.12.2012 -	045/12 -	- -	Nei Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.